



MØTEBOK 01/26

LEVEKÅRSUTVALET

Møtedato: 09.03.2026**Møtetid:**

Kl. 14:00 - 17:00

Møtestad: Sula rådhus, 4. etg**Saksnr.:**

001/26 – 09/26

Følgjande medlem møtte

Karoline Antonie Slinning

Øystein Båtnes

Vibeke Bjørkavåg

Elin Kilvik Skeide

Jan Magnar Sandvik

Parti

AP

FRP

H

KRF

SUL

Forfall meldt frå følgjande medl.

Terje Holmedal

Bjørn Kristian Blomvik Eikrem

Parti

AP

FRP

Følgjande varamedlem møtte

Olin Digernes Molvær

Parti

AP

FRP

Møteleiar:	Jan Magnar Sandvik
Frå administrasjonen:	Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, kommunalsjefane Ragnhild Hanken Skjong (oppvekst og kultur) og Gunhild Fjeldvig Tørlén (helse og meistring), einingsleiarane John-Magne Eikrem (eigedom) og Grethe Juul Molvær (Sulatunet), rådgivarane Jarl Anders Moe (helse og meistring), Per-Vidar Sæhaug (eigedom) og Pål Sindre Digernes (oppvekst), og formannskapssekretær Frode Elias Synnes.
Innkalling:	Ok.
Sakliste:	Ok.
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	Ordførar Turid Humlen deltok.

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
001/26	Godkjenning av møtebok nr. 06/25	
002/26	Barnehage- og skulebruksplan 2026-2036	
003/26	Retningslinjer skuleskyss Sula kommune	
004/26	Orienteringssak - tenestestandard for kommunale helse- og omsorgstenester i Sula	
005/26	Utgreiing av heildøgns helse- og omsorgstenester i Sula kommune	
006/26	Statusoppdatering om utviklingsprosjekta	
007/26	Statusoppdatering frå kommunalområda knytt til drift og utvikling	
008/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	
009/26	Forprosjekt - Nytt tenestehus i Sula kommune	

001/26: Godkjenning av møtebok nr. 06/25

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

LEV - 001/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

002/26: Barnehage- og skulebruksplan 2026-2036

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret tek saka til orientering og støttar føringane for arbeidet med å framskaffe eit kunnskapsgrunnlag for skule- og barnehageområdet som grunnlag for ein strategi for tenesteområdet med innspel til rullering av langsiktig drifts- og investeringsstrategi.
2. Levekårsutvalet skal haldast orientert i løpet av prosessen.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Saka vart drøfta.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

LEV - 002/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek saka til orientering og støttar føringane for arbeidet med å framskaffe eit kunnskapsgrunnlag for skule- og barnehageområdet som grunnlag for ein strategi for tenesteområdet med innspel til rullering av langsiktig drifts- og investeringsstrategi.
2. Levekårsutvalet skal haldast orientert i løpet av prosessen.

003/26: Retningslinjer skuleskyss Sula kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Sula kommunestyre vedtek Retningslinjer for skuleskyss i Sula kommune
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre, administrative justeringar ved behov.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Saka vart drøfta.

Vibeke Bjørkavåg (H):

nytt punkt 3: Vedlegg "Strekningar som er vurdert som særleg farlege eller vanskelege i Sula pr febr. 2026" er ikkje relevant for saka og blir tatt vekk frå saka når den blir sendt til vidare behandling.

Kommunedirektør kommenterte at vegane i vedlegget er vegstrekningar der det tidlegare er søkt skuleskyss. Vegstrekninga er objektivt vurdert som særleg farleg eller vanskeleg eller lang og vanskeleg.

Innstillinga med forslag frå Bjørkavåg vart samrøystes tilrådd.

LEV - 003/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtek Retningslinjer for skuleskyss i Sula kommune.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre, administrative justeringar ved behov.
3. Vedlegg "Strekningar som er vurdert som særleg farlege eller vanskelege i Sula pr febr. 2026" er ikkje relevant for saka og blir tatt vekk frå saka når den blir sendt til vidare behandling.

004/26: Orienteringssak - tenestestandard for kommunale helse- og omsorgstenester i Sula

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Kommunedirektør ved einingsleiar Sulatunet orienterte.
Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.
Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

LEV - 004/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

005/26: Utgreiing av heildøgns helse- og omsorgstenester i Sula kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre tek saka til orientering og støttar føringane for arbeidet slik det kjem fram i denne saka.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Kommunedirektør ved rådgivar helse og meistring orienterte.

Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

LEV - 005/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til orientering og støttar føringane for arbeidet slik det kjem fram i denne saka.

006/26: Statusoppdatering om utviklingsprosjekta

Utvalet tek oppdateringa til vitande.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Saka vart trekt frå saklista.

LEV - 006/26 Vedtak:

Saka vart trekt frå saklista.

007/26: Statusoppdatering frå kommunalområda knytt til drift og utvikling

Mellombels utval for levekår og heilskapeleg innsats tek orientering til vitande.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Saka vart trekt frå saklista.

LEV - 007/26 Vedtak:

Saka vart trekt frå saklista.

008/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Øystein Båtnes (FrP) poengterte at dagens møte ikkje var publisert på møtekalenderen på framsida av kommunen si heimeside. Dette vil bli fulgt opp av administrasjonen etter møtet.

Kommunedirektør ved Monica Olin Lervåg orienterte om arbeid med skulemiljø og språkkampanjen, ei tverrfagleg satsing for varig haldningsendring, jf vedtatte tiltak i budsjett- og økonomiplanen.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

LEV - 008/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

009/26: Forprosjekt - Nytt tenestehus i Sula kommune**Kommunedirektøren si innstilling:**

Sula kommunestyre tek saka til orientering.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Kommunedirektør ved kommunalsjef helse og meistring, rådgivar helse og meistring og rådgivar eigedom orienterte.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

LEV - 009/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til orientering.